

## ÅRSMEDLING 1995 - KEIPEN TURLAG BREMANGER KOMMUNE

Aktivitet: Sesongen starta med årsmøte 12.01.95. Referat frå årsmøtet med årsmelding, rekneskap, budsjett, liste over dagsturar og lokalturar 1995 vart sendt ut til alle medlemane.

Laget har hatt berre 2 styremøter i år, men leiar, kasserar og sekretær har fungert som eit arbeidsteam slik at turannonsering, postbehandling og anna lagsadministrasjon har fungert fint. Styret elles har fått informasjon om arbeidet i styret. Det har av geografiske grunnar vore praktisk på denne måten.

### Anleggsaktivitet:

Den viktigaste anleggsaktiviteten i år var å få ferdigmerke turstien frå Berleneset til Hornelen. Dette vart gjort siste veka i juni med merking og varding + montere opp skilt der stien startar. Laget har fått ros frå turgåarar for god stimerking til Hornelen.

Vidare blei det nødvendig med eit reparasjons- og forsterkingsarbeid på bruva ved Setredalsosen. Ved dette arbeidet gav Åskåra Kraftvert ei uvurderleg støtte ved å transportere materialar opp med helikopter.

Vidare har vi rydda ferdig veggen og sett opp nye klopper langs Ivervatn. Til dette fekk vi kr. 4.200,- i kommunal støtte (midlar til miljøtiltak).

### Kurs:

Turleiarar fekk tilbud om kurs i fystehjelp i fjellet. Kurset vart gjennomført over ein kveld med dytige instruktørar frå Svelgen Røde Kors. 5 av Keipen Turlag sine turleiarar deltok.

Ottar Dahl deltok på snøskredkurs i Grasdalen.

### Turaktivitet:

Turaktiviteten har gått svært bra når det gjeld dagsturar. Til saman på dagsturar har vi hatt 236 deltakarar. "Seksess-turen" var Svelgen-Vingen 25.06.95. 80 personar gjekk over fjellet den dagen i nydeleg sommarver. Lars Olav Rylandsholm var med som guide i Vingen-feltet og dei fleste turdeltakarar nyttet høvet til ei omvising med guide i Vingenfeltet.

Kveldsturane på forsommaren fungerte bra, når ein ser vakk frå at nokre måtte endrast p.g.a. mykje snø i mai (gjeld indre del av kommunen). I ytre del av kommunen har det også vore dårleg frammøte på kveldsturane dette året

Representasjon: Oddmund Leirvik og Sissel Sandvik Igland representerte Keipen Turlag på årsmøtet i Sogn og Fjordane Turlag i januar 95. Sissel Sandvik Igland og Olga Arnsnes representerte Keipen Turlag på Fellesmøtet i Oppstryn i november 95.

LEIAREN TAKKA FOR EIN HYGGELEG SESONG 1995